

Fiskarbonden i solnedgang

Åsa Elstad

Den tildelte tittelen «Fiskarbonden i solnedgang» kan gje rom for fleire assosiasjonar. Det er lett å tenke på klisjeen « Elg i solnedgang», som er eitt av dei vanlegaste symbola på kitch og romantisering, men uttrykket minner også om diskusjonen om kvifor fiskarbondetilpassinga heldt seg så lenge – ein diskusjon ein også har brukt metaforen «Fiskarbonden på sotteseng» om. Og kanskje er det ein samanheng mellom desse to perspektiva?

Det er mange eksempel på at livet på kombinasjonsbruka er blitt romantisert, men det er ikkje nokon grunn til å la vere å gå inn i fiskarbonden-historia. Som Alf Ragnar Nielssen viser i sitt innlegget sitt, har dette vore den dominerande økonomiske tilpassinga i Nord-Noreg i fleire hundre år.

Fiskarbonden som akademisk omgrep kom i bruk på 1970-talet. I avisar, tidsskrift og bøker tidlegare i hundreåret blei ordet brukt om ein mann som dreiv med både fiske og gardsbruk. (Søk i Nasjonalbiblioteket sin database. Den eldste registrerte bruken av ordet i litteraturen som er registrert er, er frå 1902, i *Søndmøre avis*.) Slik brukar også Ottar Brox ordet i «Hva skjer i Nord-Norge» (1966) – ei bok som på mange måtar vart eit gjennombrøt for diskusjonen om verdien av den tradisjonelle kombinasjonen av fiske og småbruk. Når diskusjonane på historieseksjonen i Tromsø hadde fiskarbonden som tema, var utsegn frå Ottar Brox ofte utgangspunkt. I Brox si bok *Nord-Norge -fra allmenning til koloni* som var pensum då eg tok mellomfag i historie, var det særleg spørsmålet om Nord-Noreg som ein frontier som blei drøfta. Brox vektla tilgangen på opne ressursar som ein viktig komparativ fordel for kombinasjonsbruka.

I innlegget «Hva skjedde i Nord-Norge» i 2022 har Einar Arne Drivenes samanfatta dei spørsmåla som då blei tatt opp: Det overordna var forholdet mellom hushaldsøkonomi og marknadsøkonomi, den relative styrken mellom dei og forholdet mellom dei to systema, korleis dei var samanvove, korleis dette endra seg over tid, når det begynte å endre seg, dei store vendepunkta i utviklinga og årsakene bak endringane. For Brox var fiskarbondelivet det gode livet. Der styresmaktene såg eit system som var tungdrive, lite effektivt og lite rasjonelt, framheva han fiskarfamiliane sin tilpassingsevne og rasjonalitet og ikkje minst tilgangen deira på opne ressursar. (Drivenes, 15.10.2022. Nettstaden Nordnorsk debatt)

Elstad, Å. (2023). Fiskarbonden i solnedgang. I E.-A. Drivenes (Red.), *I spenninga mellom lokalhistorie og globalhistorie: Historiefaget ved UiT gjennom 50 år* (s. 90-99). *Septentrio Conference Series*, 2023(2).

<https://doi.org/10.7557/5.7311>

© Forfatteren. [CC BY 4.0](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/)

«Fiskarbonden og andre kvinnfolk»?

Etter kvart vart ordet fiskarbondede merkelappen på den økonomiske tilpassinga for heile hushaldet. Det er ikkje urimeleg å tenke seg at den nye bruken av ordet fiskarbondede både heng saman med at ein var blitt meir opptatt av kombinasjonsbruka som levemåte etter kvart som det blei færre av dei, at denne levemåten var grunnleggande i nordnorsk historie, eit emne det no var blitt meir merksemd om enn før, og at likestillingsdebatten hadde skapt større interesse for kvinnene sin rolle. Ikkje alle gjekk så langt som boktittelen «Fiskarbonden og andre kvinnfolk» (Austrem og Ingebrigtsen 2001). for å provosere fram denne diskusjonen. I 1976 kom artikkelsamlinga *Drivandes kvinnfolk*, med bidrag frå både samfunnsvitskap og historie på Universitetet i Tromsø. Der blei kvinnene sin situasjon i fortid og samtid drøfta frå fleire vinklar (Bratrein m.fl. 1976).

Arbeidet med å synleggjere fiskarkona sitt arbeid på småbruka, vart ein lang prosess. Etter avdukinga av statuen «Fiskerkona» av Per Ung i 1999 – ein statue som kunstnaren sjølv meinte var kitsch – vart det reagert på det statuen av den speidande kvinna formidla. Eit sentralt argument frå blant anna historikaren Johan Borgos var at statuen ikkje viste kvinnene sitt arbeid (Johansen 2022: 32ff). Når passasjerar på hurtigruta i dag passerer «Fiskerkona» ved innseglinga til Svolveær hamn, blir statuen presentert som eit monument over fiskarane som drukna på havet, ikkje som det initiativtakaren, Dagfinn Bakke ville, gje heider til fiskarkona og «Hennes betydning for bosettingen i Kyst-Norge» (Johansen 2022:24).

Det konstruerte analytiske omgrepet fiskarbondeshushald blei i utgangspunktet brukt for å få fram at kombinasjonsbruka var avhengige av innsatsen til meir enn ein person. Det karakteriserte ikkje yrkestilpassinga til eitt individ, men var ein merkelapp på ei hushaldstilpassing. Fiskarbonden vart definert som ein mann i bukse og ei kvinne i stakk (f.eks. Aarsæther 1981:41, Borgos 1986). Det er også slik eg brukar dette omgrepet, men eg vil legge til, og legge vekt på at hushaldet som regel hadde fleire medlemmer, først og fremst ungar, men også eldre familiemedlemmer og ofte tenestefolk, taus og/eller dreng.

Fiskarbondeshushaldet hadde tilgang til frie, opne ressursar som føresetnad. Dette gjaldt først og fremst fisken i havet, slik Brox ofte har poengtert, men også utmarksressursar, først og fremst til dyrefôr. Ein fiska for sal på ein marknad, mens jordbruket først og fremst var til eige forbruk. I definisjonen min vil eg legge til at ein også kunne hente noko av inntekta utanfor hushaldet, for eksempel med litt lønnsarbeid eller småsal av handverksprodukt. Definisjonen bygger på at hushaldsøkonomien dominerte, både produksjon og forbruk gjekk først og fremst

føre seg innanfor hushaldet, og heile hushaldet var økonomisk aktør. Levemåten var basert på arbeidsdeling og arbeidsfellesskap, og målet var vedlikehald av levemåten, ikkje kapitalakkumulasjon, og størst mogleg grad av sjølvforsyning, også gjennom marknaden. Sjølv om landbruksproduksjonen først og fremst var til eige forbruk, gav det ein stabilitet i økonomien som kunne vere nødvendig ved svingingar i fisket. Jordbruket gav også grunnlag for sjødrifta ved at produkta frå garden blei brukt for å ruste ut fiskaren, og at det vart investert noko kapital i gardsdrifta som kunne frigjerast ved kriser. (Sjå for eksempel Bratrein 1994/95, Balsvik 1991.)

Kvinnene, ungene og gamlingane

Trass i premissen om at heile hushaldet er økonomisk aktør, blir kvinnearbeidet ofte underkommunisert. Det gjeld i statistikken, som igjen får konsekvensar for forskinga. Endringane i kvinnene sine arbeidsliv var ofte små, men kunne vere talrike og samla sett viktige. På den andre sida stod kvinnearbeidet ofte for kontinuiteten, noko som var viktig for nabolag og lokalsamfunn.

Betydninga av ungene sitt arbeid er i endå mindre grad trekt fram, men arbeidskrafta deira var heilt sentral så lenge økonomien var så arbeidsintensiv som på kystgardane. Det var nok av tidkrevjande arbeid med låge kompetansekrav, noko som er ein av grunnane til at barnetala lenge heldt seg høge i Nord-Noreg. Hadde ein ikkje eigne ungar i passande alder, kunne ein ta til seg fosterbarn for kortare eller lengre periodar. Med relativt kort samla skoletid hadde også ungene tid til å arbeide heime (Elstad 2002:240ff).

Dei gamle i hushaldet var også ein viktig ressurs. Også for dei var det nok av tidkrevjande arbeidsoppgåver, sjølv om dei kanskje mangla fysisk styrke og ikkje var så raske lenger. Dei hadde den kompetansen og kunnskapen ungene mangla. Dei må ha vore særleg viktig i heimar der mennene i sin beste alder var mykje borte heimanfrå. Farmora mi skal ha sagt om svigerfaren sin, som var til stor hjelp for henne på garden, at det var mann ein kunne leve og døydde med. Så lenge ein rodde med opne båtar var arbeidet på havet så fysisk krevjande at mennene måtte «pensjonere» seg tidleg frå sesongfiskeria.

1890-1920: Framveksande kapitalistisk økonomi med lønnsarbeid

Då eg begynte på historiestudiet i Tromsø som distansestudent i 1985, var det på mange måtar ei openbering, delvis fordi det var så mykje av den nordnorske historia som hadde vore ukjent for meg, særleg gjaldt det den samiske historia, og delvis fordi forelesingane fekk meg til å sette

mi eiga familiehistorie, og dermed meg sjølv, inn i større samanhengar. Svært ofte fann eg konkrete eksempel på utviklingstrekk i nordnorsk historie i mi eiga slekt. Derfor vil eg bruke nokre slike illustrasjonar her også – som eksempel på det typiske, ikkje det spesielle.

Det første eksempelet er frå lønnsarbeidet som følgde ein framveksande kapitalistisk økonomi i tiåra rundt 1900. Det gjaldt blant anna gruvedrift, anleggsarbeid og industri. Brox såg på dette som «skum på et ellers stabilt hav». Eitt av anlegga som trekte til seg mange unge menneske, flest menn, frå småbruka i landsdelen, var bygginga av Ofotbanen. Farfaren min var ein av dei, og frå heimbygda hans, Borge i Lofoten, var det i 1900 registrert heile 98 jernbanearbeidarar som anten hadde den faste bustaden sin i Borge eller var fødd i Borge og busett i Ankenes kommune, som Narvik var ein del av på teljingstidspunktet. I Borge kommune vart det registrert 492 menn i alderen 20-45 år dette året. Det var også sju kvinner frå Borge som arbeidde som kokker, kokkejenter eller tenestejenter i arbeidsbrakkene. Dette var heilt klårt ei midlertidig løysing i ei krisetid for fiske og jordbruk, og fleirtalet av anleggsarbeidarar var unge, uvante sesongarbeidarar som berre hadde dette som yrke nokre få år. Farfar og dei fleste sambygdingane hans blei aldri rallarar, men reiste heim til småbruka dei kom frå då anleggsperioden var over. Som Einar-Arne Drivenes og Narve Fulsås var inne på, var det endå berre tendensar til industrialisering, urbanisering, marknadsøkonomi og yrkesspesialisering (Drivenes 1982: 114; Fulsås 1987 :42f). Ein tok først og fremst arbeid i industri og anlegg når det var dårlege tider i primærnæringane, slik det var rundt hundreårsskiftet. Samtidig kan mykje tyde på at den alternative levemåten i sekundærnæringane slo ein kile inn i fiskarbondøkonomien.

Eg fekk lyst å sjå litt nærare på korleis det var med oldeforeldra mine i perioden 1890 – 1920. I folketeljingane (1900, 1910, 1920) er tre av oldefedrane mine oppført med jordbruk og fiske som leveveg. Dei var fødte i perioden 1831 – 1859. Den fjerde, far til mormor var berre gardbrukar, han var den mest velståande av dei. Far til morfar var husmann, far til farmor hadde gard, men som fiskar fekk han så stor handelsgjeld at han mista den. Gruve- og anleggsarbeidet påverka ikkje liva deira direkte, men dei opplevde ei styrking av marknadsøkonomien, ikkje minst i fiskeria, men også ei forsiktig modernisering av landbruket. Det viktigaste var nok at råfisken blir kjøpt opp av oppkjøparar sørfrå og betalt kontant, det var med på svekke væreigarsystemet. Fangst og tilverking skilte lag, slik at det blei meir lønnsarbeid i fiskeria. Klippfisk og sild blei nye, økonomisk viktige produkt. Det blei slutt med jektefarta og dampbåtane overtok. Fiskedampskip, snurpenøter og sildoljefabrikkar hørte også til den nye tida. Handelen var frigitt, og forbruket av industriproduserte varer hadde auka.

Den nye tida gjorde det mogleg for fleire å unngå å bli fiskarar. Før hadde det stort sett ikkje vore noko val. Det blei sagt at oldemor Ane ikkje ville av nokon av dei tre sønene hennar skulle bli fiskarar. Om det var eit resultat av stormannsgalskap hos denne husmannskona eller av at mannen hennar mista faren på havet då han var liten, og blei sett bort, veit eg ikkje. Men det blei slik Ane ville ha det. Alle tre sønene arbeidde i ulike fiskevær i Lofoten, men ikkje som fiskarar. To var bakarar, den tredje kaiarbeidar.

Farfar blei heller ikkje fiskar slik faren hadde vore. Etter at han kom heim frå anleggsarbeidet fekk han fekk poliomyelitt, og kunne ikkje ha fysisk hardt arbeid. Då var det heldig at han levde i ei moderne tid og kanskje også at han som anleggsarbeidar hadde fått nye erfaringar og blitt kjent med nye levemåtar, verdiar og idear. Han tok initiativ til å opprette eit kooperativt salslag i heimbygda, Nordbygdens handelsforening og blei styrar av det. Truleg hadde han fått ideen i Ofoten, der blei det første handelslaget i Nordland stifta i 1902 under namnet Arbeidernes Handelsforening. Han hadde også inntekt av arbeidet som heradskasserar, som i byrjinga vel nærmast var eit betalt verv. Hadde han levd femti år tidlegare hadde det nok vore vanskelegare for ein funksjonshemma mann utan utdanning å skaffe seg inntekter og fø elleve ungar, sjølv om dei hadde eit småbruk som gav dei mat. Det var blitt mogleg for dei som ikkje ville eller kunne å finne andre yrke enn fiskaryrket.

Diskusjonane om verknaden av større innslag av marknadsøkonomi i perioden 1890 – 1920 handla først og fremst om mennene sine yrke. Mens bestefedrane mine fann andre yrke enn sine fedrar og bestefedrar, hadde begge bestemødrene mine hovudansvar for det daglege arbeidet i hus og fjøs slik generasjonane før hadde hatt. Før farmor gifta seg, hadde arbeidserfaringa hennar først og fremst vore som dotter i huset heime. Ho fekk det første barnet som 20-åring, mens mormor var 26 då ho vart mor. Mormor fekk fleire år då ho arbeidde utanfor heimen. Ho var blant anna ei kort tid på meieriet som var blitt oppretta i heimbygda og ho var tenestejente hos lensmannen i Strinden i Trøndelag og hos ein væreigar i Lofoten. I tillegg fekk ho gå eit halvt år på syskole i Bodø, kanskje fordi foreldra hennar hadde betre økonomi enn gjennomsnittet. Likevel var ho ikkje den einaste jente frå nordnorske gardar som fekk gå på skole etter folkeskolen, i denne perioden var det blant anna mogleg å gå på kvinneskole ved landsbruksskolar, gå på amtskole eller folkehøgskole. Som når det gjaldt mennene, var det fleire moglege val i arbeidslivet, men svært ofte var dei avgrensa i tid, anten som sesongarbeid eller for nokre ungdomsår. Kvinnene kunne for eksempel arbeide på meieri, i ullvarefabrikkar, med sildeganing, klippfisktørking, som rorbukokker eller anleggskokker, men sjølvhushaldet var framleis dominerande, og kvinnearbeidet endra seg mindre enn mannsarbeidet.

Mellomkrigstida – primitivisering eller konsolidering?

I kapitlet «På vei til det moderne» (Bjørklund, Drivenes, Gerrard 1994) i *Nordnorsk kulturhistorie* er mellomkrigstida rett og slett hoppa over. Dei økonomiske krisene gjer at mange ser på utviklinga i desse åra som ein unntakstilstand. Deltakinga i vinterfisket auka, Lofothavet blei ein naudsarbeidsplass samtidig som færre hadde råd til motor i båtane, noko som er blitt kalla primitivisering av fisket. Mange hadde berre råd til å fiske med «hungersongelen», juksa. Fleire tidsvitne fortel om ei auke i sjølvberginga, ein gjekk tilbake til produksjonsmåtar som ikkje kosta pengar.

Brox ser på denne perioden som ei konsolidering og styrking av fiskarbondetilpassinga, blant anna på grunn av statlege løyvingar til blant anna nydyrkingstiltak og innkjøp av mindre fiskebåtar (Nygaardsvoldsbåtar). Mi eiga undersøkinga av verknadane av statstiltaka i to nabokommunar i Vesterålen, Bø og Hadsel, viser at dei verka ulikt på grunn av dei geografiske forskjellane. Tiltaka forsterka ulikskapane i den eksisterande næringsstrukturen og.

Når ein diskuterer den nordnorske fiskarbonden, meiner eg det er svært viktig å ikkje gløyme dei enormt store geografiske variasjonane og ulike føresetnadane i landsdelen.

Dei statlege tiltaka retta mot landbruket førte til ei begynnande endring av mannsrolla. Ein kombinasjon av elendige fiskeprisar og tiltak som retta seg mot landbruket, fekk fleire menn til å satse mindre på fiske, meir på landbruk. Heilt frå fysiokratismen si glanstid på 1700-talet hadde styresmaktene ønska å få mennene til å satse meir på landbruk, no fekk dei eit visst gjennomslag. Vitskapleggjeringa av landbruket i mellomkrigstida var eit middel for å nå dette målet.

Nydyrkingstiltak, Nygaardsvoldbåtar og nye mannsroller i landbruket var uansett ikkje nok for å unngå at neste generasjon forlét småbruka. Meir utdanning, fleire avisar, radio, auka politisk deltaking og ulike organisasjonar i sivilsamfunnet var med på å opne mot verda utanfor bygda. Nord-Noreg hadde som nemnt enno store barnekull. Foreldra mine hadde til saman 17 søsken, og det seier seg sjølv at alle ikkje kunne bli verande heime, men flytta ut og blei spreidd over heile landet.

Etterkrigstid med fiskarbonden på sotteseng

I ei bokmelding med tittelen «Fiskebonden i solnedgang», stiller Håvard Dahl Bratrein spørsmålet om ikkje «fiskerbonden i det store nordnorske bildet etterhvert blei en restkategori, en sosial retrettkultur? Mye taler for at grunnen til at fiskebonden i det heile overlevde såpass

lenge, var at nødsåra i mellomkrigstida, etterfulgt av varemangelen under og etter siste krig, førte til mobilisering av gamle livsformer, ferdigheter og teknikker.» (Bratrein 2011:285).

Ein "dvale"- eller "oppdemmingsmodell" for å forklare forholdet mellom mellomkrigstida og etterkrigstida kan lett oppfattast som ei kontrafaktisk hypotese om at dei kapitalintensive næringane i landsdelen ville ha ekspandert og transformert økonomien i mellomkrigstida, om berre ikkje krisene hadde komme. Det er det sjølvsagt umogleg å seie noko sikkert om.

Krigsøkonomien vart eit svært viktig incitament for den økonomiske framgangen i etterkrigstida . Arbeid på tyske anlegg og fabrikkar og sal av fisk førte til gjeldsnedbetaling og gjorde investeringar mogleg. Det gjeld sjølvsagt ikkje alle dei som kom tilbake til Finnmark og Nord-Troms og hadde mista all eigedom, men gjenreisninga fekk også positive konsekvensar for den nordnorske økonomien.

Brox har for så vidt rett i at investeringar i fiske og jordbruk på 30- og 40-talet førte til ei viss konsolidering av fiskarbondetilpassinga i mange nordnorske bygder på 50- og til dels 60-tallet, men parallelt gjekk det for seg spesialisering og overgang til lønnsarbeid. Det nye var at primærnæringane ikkje lenger dominerte yrkesstatistikken , og at dei i større grad enn før og meir permanent blei kombinert med lønnsinntekter. Samtidig er det viktig å få fram at mange av arbeidsplassane i sekundær sektor, som bygningsarbeid og arbeid i fiskeindustri ikkje var heilårlege.

Ein viktig faktor Brox trekker fram for å vise at fiskarbondetilpassinga også etter krigen vart valt i konkurranse med andre næringar er "sjarkifiseringa", voksteren i småbåtflåten. Ein føresetnad for dette var Råfiskloven som gjennom minsteprisordninga gav stabilt utkomme for fiskarane. Ein fellesnemnar for motiva bak "sjarkifiseringa" var ønsket om fridom; fridom frå for store gjeldsplikter, den fridomen det innebar å vere skipper på eiga skute, fridom til å organisere dagane slik det passa, og fridom til å innpasse sesongar på havet med dei på landjorda. Brox er mindre opptatt av landbruket og kvinnearbeidet. På 1960-talet stod framleis sjølvforsyningsproduksjonen sterkt i mange nordnorske bygder trass i industrialiseringa etter krigen. Framleis var det lite utval av landbruksvarer i butikkane på bygdene, det var noko ein fekk frå eigen eller naboen sin produksjon. Brox skriv at ein i bygdene kunne oppretthalde ein relativt høg levestandard, å produsere matvarer blei for eksempel ofte rimelegare enn å kjøpe dei (Brox 1984:67). Derfor vart behovet for å tene kontante pengar ikkje så stort. I dette

reknestykket er kvinnearbeidet ikkje verdsett. Derfor var kvinnene sitt arbeid og deira haldning til arbeid også svært viktig for valet om å flytte frå bygda.

Jenteflukta frå bygdene hadde starta på 1930-talet. Etter krigen heldt denne utviklinga fram. Det var fleire grunnar til det. Ei viss modernisering av hushald og gardsdrift hadde funne stad, ikkje minst hadde ein fått innlagt vatn og elektrisitet med alt det førte med seg. Det var dermed mindre behov for arbeidskraft i hushaldet. Samtidig hadde utdanning, industrialisering og urbanisering ført med seg at det var langt fleire opne vegar også for jentene. Mødrene oppmuntra døtrene til å komme seg bort. På den eine sida var sjølvforsyningsproduksjon ei moralsk norm, på den andre sida var det på 50- og 60-talet vakse fram eit forbrukssamfunn der ein var avhengig av pengeøkonomi for å ikkje kjenne seg til atters. Det gjaldt nok særleg dei yngre.

Brox meinte at på 1950-60-talet var jentene i dei Senja-samfunna han skildra mest interessert i heimbygda som ekteskapsmarknad, ikkje som arbeidsmarknad. For dei unge mennene var det avgjerande for om dei ville satse framtida si i bygda at det var mogleg å få kontantinntekter. Og det var det, først og fremst i fisket. Det Brox oversåg, var at det i desse samfunna, i følgje hans eigne tal, var rundt 25 % fleire gutar enn jenter, noko som i seg sjølv måtte ha gitt mindre framtidshåp og gjort bygda mindre attraktiv også for dei unge gutane.

I 1965 reiste 43 familiar frå Bø i Vesterålen til Svelvik og blei industriarbeidarar. Desse skiftarbeidarane fortalde at dei forlét fiskaryrket og heimkommunen “for fritidens og familiens skyld” og ”den tryggheten som ligger i det faktum at han vet hva han har å rutte med”, sjølv om årslønna tilsvara det kameratane heime kunne tene på ein tre månaders sesong. På spørsmålet om det fanst distriktpolitiske verkemiddel som kunne få dei til å flytte tilbake, svarar ein “Dæ må bli stemplingsklokker hjemme i Vesterålen” (*Aktuell* 36/1969, s. 40-42). Å komme seg bort frå usikre inntekter og ei oppgåveorientert tidsoppfatning til fast arbeid, fast lønn og regulerte arbeidstider var altså hovudgrunnene deira til å flytte (Lange 1998:215).

Meir enn ei økonomisk tilpassing

I 1994 skreiv Hallvard Tjelmeland: «framleis hentar nordnorske primærprodusentar innkomet sitt frå fleire kjelder» – idealet om at jordbruk og fiske skal vera heiltidsarbeidsplassar har ikkje slått gjennom. To av tre bønder hadde andre inntekter, dei fleste rett nok utanfor det tradisjonelle kystyrkesfeltet, samtidig som ein firedel av fiskarane hadde fiske som biyrke (Tjelmeland 1994 I: 382). Held ein fram med å sjå hushaldet som ei eining, ville sjølv sagt kombinasjonsmønsteret

bli endå meir mangfaldig. Det fanst også andre former for sjølvsysseletting i nordnorske bygder enn i primærnæringane. Ein kunne for eksempel køyre eigen lastebil eller drive frisørsalong. Som Drivenes skriv i innlegget frå 2022 er «kombinasjonsyrkene eller flersysleriet ikke ute av historien, men nå er de en integrert del av markedsøkonomi og kapitalisme». Slik sett har Brox rett i at sjølvsysselettinga og kombinasjonstilpassinga stod sterkt i landsdelen, men det kan ha samanheng med fleire forhold enn ressurstilgangen.

Sjølv om næringskombinasjonen fiske – jordbruk i eitt og same hushald i dag er svært sjeldan i dei fleste kystkommunane her nord, har alle generasjonane med fiskarbønder sett sine spor i kulturen. Tenkemåten er ein seig struktur, og det å nytte dei opne, frie ressursane på hav og land er framleis viktig for mange, sjølv om talet både på fiskarar og bønder er kraftig desimert. I distriktet der eg bur, Vesterålen, har vi Noregs største kvitfiskkommune, Øksnes, og trass i at kvoteordninga gjer det vanskeleg er det relativt mange unge som vil bli fiskarar. Ein del satsar også på landbruk, også i kombinasjon med andre næringar. Nokre startar gardsbutikk, gardsslakteri, gardsbakeri eller gardsrestaurant. Yrkeskombinasjonane er mangfaldige, kjønnsrollene og arbeidsfordelinga har endra seg, og mange av produsentane av lokalmat frå hav og land har funne alternative omsettingsformer, med direktesal til forbrukarane.

Andre igjen produserer i liten grad for sal, dei har fast, god lønn men likevel ein liten villsauflokk heime ved sida av kontorjobben og/ eller ein fritidsbåt der dei fiskar til eige forbruk. Venner og naboar får gjerne også sitt. I den generasjonen som hadde foreldre eller besteforeldre som forlét fiskarbondelivet, er ein ikkje sjeldan stolt over å ha den kunnskapen og dugleiken som skal til for å utnytte lokale ressursar, som å bokne fisk eller sy kjøttrull. Ein skal ikkje sjå bort frå at det er ein god porsjon nostalgi i det, samtidig som det utan tvil er ein del av ein kultur, men no av lyst, ikkje av plikt eller på grunn av manglande alternativ. Så blir det spennande å sjå om denne kulturen blir vidareført.

Kjelder

Digitale kjelder

Drivenes, 15.10.2022. Nettstaden Nordnorsk debatt: https://www.nordnorskdebatt.no/hva-skjedde-i-nord-norge/o/5-124-203541?fbclid=IwAR0QphFzHt7wPjH2NYXkh9BFmvVj-5fd_GVOTXuNIJ-OidPxSFJqsUKHyGo

Litteratur

Austrem, Liv Marie og Ingebrigtsen, Guri 2001. *Fiskarbonden og andre kvinnfolk*. Orkana forlag, Stamsund.

Aarsæther, Ragnhild 1981. Kvinner som familieforsørgede og sjølforsørgede belyst ved nordnorske skattelister på 1500-tallet og 1600-tallet. I H. Gunneng og B. Strand (red.): *Kvinnans økonomiske stillning under nordisk medeltid*. Lindome, Uppsala.

Balsvik, Randi Rønning 1991. Kvinner i nordnorske kystsamfunn. *Historisk Tidsskrift*, nr. 4. Den norske historiske forening, Oslo.

Bjørklund, Ivar, Einar-Arne Drivenes og Siri Gerrard 1994. På vei til det moderne. I *Nordnorsk kulturhistorie. Bd. 1: Det gjenstridige landet*. Gyldendal Norsk Forlag A/S, Oslo.

Borgos, Johan 1986. Utviklingen i kvinnerollen i fiskebondesamfunnet fra 1700-1865, *Kvinnekar før og nå*, seminarrapport. Vesterålmuseet, Melbu.

Bratrein, Håvard Dahl 1994/95: Det nordnorske jordbruket - noen generelle trekk. *Jord og gjerning*. Norsk landbruksmuseum, Landbruksforlaget, Oslo.

Bratrein et al 1976. *Drivandes kvinnfolk*. Universitetsforlaget, Tromsø-Oslo-Bergen.

Bratrein, Håvard Dahl 2011. Fiskarbonden i solnedgang. *Håløygminne*, hefte 2. Hålogaland historielag, Harstad.

Brox, Ottar 1966. *Hva skjer i Nord-Norge? En studie i norsk utkantpolitikk*. Pax forlag, Oslo.

Brox, Ottar 1984. *Nord-Norge - fra allmenning til koloni*. Universitetsforlaget, Tromsø - Oslo - Bergen - Stavanger

Drivenes, Einar-Arne 1982. Fiskarbonden og de nordnorske bygdesamfunn. I R. Nilsen m.fl.: *Folkemakt og regional utvikling*. Pax forlag, Oslo.

Elstad, Åsa 2002. *Arbeidsliv i fiskarbondesamfunn*. Avhandling for dr.art. graden. Universitetet i Tromsø, Tromsø.

Fulsås, Narve 1987. Husholdøkonomi og kapitalistisk økonomi i Nordland, 1850-1950. *Historisk Tidsskrift*, Den norske historiske forening, Oslo.

Johansen, Elisabeth 2022. *Reis kjerringa! En minnehistorisk studie av tre kystkvinnemonumenter reist i perioden 1992 til 2005*. Mastergradsoppgave i historie. Institutt for arkeologi, konservering og historie, Universitetet i Oslo, Oslo.

Lange, Even 1998. *Samling om felles mål 1935-1970. Aschehougs Norgeshistorie*. Aschehougs Forlag, Oslo.

Tjelmeland, Hallvard 1994. Det seinmoderne Nord-Noreg. Om tenestyting, tettsteder og tusseladdar. I Drivenes, Einar-Arne, Hauan, Marit og Wold, Helge A. I *Nordnorsk kulturhistorie. Bd. 1: Det gjenstridige landet*. Gyldendal Norsk Forlag A/S, Oslo.